

# PRIVATE INNSPEL TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Ørjansen, Heidi E.

KVAM HERAD

# Kommuneplanens arealdel – Innspel til offentlig ettersyn

## Innholdsliste

### Innhold

Innholdsliste .....	1
Innleiing.....	4
Ålvik.....	5
Bustad og spreidd bustad .....	5
Damvegen .....	5
Spreidd næring.....	5
Fykse .....	6
Spreidd næring.....	6
Bustad .....	6
Soldal.....	6
Deponi.....	6
Øystese.....	7
Bustad .....	7
Samferdsel .....	7
Småbåthamn.....	7
Kraftverk.....	10
Norheimsund .....	10
Sentrumsområde .....	10
Infrastruktur.....	10
Bustadområde.....	11
Næringsområde .....	11
Småbåthamn.....	11
Friområde.....	11
Grønstruktur .....	12
Offentleg område.....	12
Byggegrense til sjø .....	12
Sjøareal .....	12
Minnelund.....	13
Steinsdalen.....	13
Næring.....	13
Gangveg .....	13

Idrettsanlegg.....	13
Fritids- og turisformål .....	13
Mikrofly.....	14
Vikøy.....	14
Bustad .....	14
Fritidsbustad .....	14
Hamn.....	14
Tørvikbygd.....	14
Sentrumsformål .....	14
Omsynssone friluftsliv.....	15
Grønstruktur .....	15
Infrastruktur.....	15
Byggegrense sjø .....	15
Innstranda .....	15
Næring.....	15
Byggegrense til sjø .....	16
Naust .....	16
Fritidsbustad .....	16
Strandebarm .....	16
Bustad/Spreidd bustad .....	16
Spreidd næring.....	17
Offentleg tenesteyting.....	17
Byggegrense til sjø .....	17
Grønstruktur .....	17
Fritids- og turistformål .....	17
Oma.....	18
Næring.....	18
Spreidd næring.....	18
Naust .....	18
Byggegrense til sjø .....	18
Mundheim.....	18
Sentrum.....	18
Framtidig gang- og sykkelsti.....	18
Næringsareal.....	19
Spreidd næring.....	19
Låssettingsplass F13.....	19

Byggegrense til sjø .....	19
Spreidd bustad .....	19

**Ivar Aaasen (1813-1896)**

***Til Lags åt alle***

*Til lags åt alle kan ingen gjera;  
det er no gamalt og vil so vera.  
Eg tykkjer stødt, at det høver best  
å hjelpa den, som det trenger mest.*

-o

*Og kor du bryggjar og kor du bakar,  
d'er alltid ein, som det ikkje smakar;  
og når den eine då gjerer rop,  
så ropar sidan den heile hop.*

-o

*D'er mange nog, som vil domar vera  
og læ åt alt, som dei andre gjera.  
Og lyte finna dei rundt i kring,  
og sjølve gjera dei ingen ting.*

## Innleiing

Rådmannen takkar for alle innspel som har kome inn til kommuneplanens arealdel. Det er kjekt å sjå at det er eit stort engasjement rundt planen. I dette dokumentet har me forsøkt å svare på dei fleste private innspel. Me har vald å trekke saman innspel som omhandlar same tema og område, så de vil ikkje finna enkeltinnspel i dette notatet. Men alle innspel er vurdert og rådmannen har vald ei tilråding til formannskapet og heradsstyret.

Nokon innspel tilrår me å ta omsyn til mens andre blir ikkje teke omsyn til. Rådmannen må gjennom arealplanen sjå det på totalverknaden av alle endringar og kva for konsekvens dette kan ha for totalbildet. Nokre områder er tilrådd teke ut av planen som ein konsekvens av motsegn frå fylkesmannen og fylkeskommunen.

I dette notatet er det ikkje teke med innspel til akvakultur, overordna veg og innspel frå overordna instansar, desse er kommentert i sakspapiret.

## Ålvik

43 innspel kom frå Ålvik etter offentleg ettersyn,18 innspel handla om akvakultur.

### Bustad og spreidd bustad

Ålvik og ytre Ålvik grendalag meiner at det er stort behov for tilgang til nye boligtomter , det er ynskje om å avsett område nord av Ålvik sentrum som framtidig areal for bolig.

To innspel ønskjer å endra from på SBU17.

Statens vegvesen vil ha krav om utbetring av kryss til Fv 7 for SBU 6, 16, 17 og 24.

Innspel på å endra SBU16 frå spreidd bustad til spreidd næring.

### Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen meiner det er sett av nok bustadareal i Ålvik og har ikkje lagt inn nye bustadområder etter offentleg ettersyn.

Det er lagt inn krav til utbetring av kryss til Fv 7 for SBU 6, 16, 17 og 24 i føresegn til LNF spreidd bustad.

Rådmannen endrar plassering av område SBU17 spreidd bustad etter innpel. Området ligg no utanfor fareområde for skred.

### Damvegen

Fylkesmannen har innsigelse til forlenging av Damvegen. Naturvernforbundet og Kvam turlag er i mot forlenging av Damvegen.

### Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tilrår å ta ut forlening av damvegen og parkeringsplass etter offentleg ettersyn.

### Spreidd næring

Ønskjer å opna for anna type spreidd næring enn drivhus.

### Rådmannen sin vurdering

Det er ikkje spesifisert i føresegna til kommuneplanen at det berre er rom for å ha verksemd knytt til drivhus i spreidd næring. Rådmannen meiner det er opning for anna type næring.

## Fykse

13 innspel kom inn til offentlig ettersyn på Fykse. 4 innspel til spreidd næring, 3 innspel til bustad, 6 innspel til LNF og friluftsliv.

### Spreidd næring

Spreidd næring SN16 og SN17 har utfordrande høve med tanke på tilkomst og parkering. Me ber heradet vurdere om det skal stillast plankrav til tiltak i desse områda. Ønskjer justert byggegrense til sjø for SN17

#### Rådmannen sin vurdering

Byggegrense til sjø er justert med omsyn til motsegn frå fylkesmannen. Det vert stilt krav til kryss til Fv 7 for SN16 og SN17, det vert ikkje stilt plankrav for desse områda.

### Bustad

Ønskjer å endra B114 og B115 frå bustad til spreidd næring. Ønskjer å endra byggegrense til sjø for naust. Ønskje om endring av SBU15. Ønskje om endring av byggegrense for tomt i LNF.

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje å endra bustad til spreidd næring for B114 og B115. Byggegrense til sjø er justert med omsyn til motsegn frå fylkesmannen.

## Soldal

### Deponi

Det kom inn eit innspel til område Soldal. Manglar deponiet til GBS i Sildalen. Det vert silt spørsmål til kvifor deponiet til GBS på Sildal (blåkoll) ikkje er merka i kommunepleanen. Området står som LNF område. Dette er eit stort deponi med eit estimat på ca. 50 000 kbm.

#### Rådmannen sin vurdering

Deponiområde på Myrane på Soldal skal etter avslutting planerast ut og endrast til jordbruksareal. For dette området blir det rett å kalla dette for LNF. For Blåkollidalen, så skal dette område tene som deponi over ei lengre periode før det skal overlatast til grunneigar som ein velteplass for tømmer eller liknande. Rådmannen vurderer derfor at dette område skal markerast som LNF og ikkje eit varig massedeponi.

## Øystese

Det har kome inn 116 innspel til område Øystese. 39 innspel handlar om akvakulturområde Kvamsøy, 9 innspel ønskjer å endra LNF til anna byggeformål, 8 innspel handlar om å endra til grønstruktur eller endra frå grøntstruktur til eit anna formål. Andre innspel handlar om m.a. bustad, samferdsel, småbåthamn, næring og kraftverk.

### Bustad

- Det er kome ønskje om å omdisponere LNF til bustad i nærleik til Øystese sentrum (44/174).
- Innspel om å endre LNF til bustad på Børvenes (nedanfor B80).
- Det har kome innspel om endring av storleik og form på B86.
- Ønskjer å ta ut B104 (Laupsa).
- Det er kome ønskje om å endra B93 til eit grøntareal for ålmenta.
- Ønskje om å endra B89 til LNF – gardbruk i aktiv drift.
- 12 innspel om å endra LNF til bustad

### Rådmannen sin vurdering

I framlegg til ny kommuneplan ligg det inne ein del areal til bustadformål som kan byggjast ut og dekkja behovet for nye bustader i planperioden. Dette gjeld areal både i sentrum og areal som ligg lenger unna – men som framleis vert vurdert å liggja i ein slik avstand til sentrum som gjer at det er mogeleg å gå eller sykla til barnehage, skule, fritidsaktivitetar, handel og anna tilbod som ein skal nytta seg av i Øystese. Ut frå dette finn rådmannen ikkje behov for å leggja inn nye areal til bustadformål. Innspelet som omfattar B89 viser til at området omfattar to landbrukseigedomar i aktiv drift og meiner det ikkje er naturleg å endra arealføremålet frå LNF slik det ligg inne i gjeldande arealdel og til bustad i ny plan. Rådmannen er samd i dette. Det ligg ikkje noko fortettingspotensiale av omfang i dette området og det er ikkje noko tanke om anna arealbruk enn det som er etablert i dag. Rådmannen rår til å gjera om på arealføremålet slik at ny plan vidarefører LNF-føremålet.

### Samferdsel

Fleire innspel peikar på behov for å auka trafikktryggleiken i Øystese sentrum spesielt rundt skulane.

Det er kome inn eit innspel om å leggja inn veg frå Laupsa og opp Laupsadalen til Soldal/Hovdane

### Rådmannen sin vurdering

Det er lagt inn ein framtidig vegtrase som tek av frå Vikvegen og bort til brua ved ungdomsskulen. Meir detaljerte løysingar for handtering av trafikken vert ikkje løyst gjennom kommuneplanen, men vert teke opp som eit tema i områdeplan for Øystese som vert sett i gong i løpet av 2019.

Rådmannen meiner det ikkje er tilstrekkeleg grunnlag for å leggja inn den foreslåtte vegen opp Laupsadalen.

### Småbåthamn

Ønskjer at område SBH22 vert teke ut som småbåthamn i kommuneplanen.

### Rådmannen sin vurdering

Det er ein reguleringsprosess i gang for det aktuelle arealet der målsetjinga er å detaljera arealet i samsvar med overordna plan. Småbåthamna vart tatt inn i kommuneplanen i 2006. Rådmannen rår ikkje til å ta ut småbåthamna.

### Næring

I framlegget til kommuneplanen er Evjo i Øystese sett av til forretningsføremål. Tanken her har vore at området skal nyttast til arealkrevjande handel som bilforretningar, møbelvarehus og andre verksemder som det ikkje er plass til i sentrum.

Jan Mo AS har spela inn at kommuneplanen bør opna opp for at verksemda kan etablera seg på Evjo dersom det ikkje vert lagt til rette for entreprenørverksemda å etablera seg i Busdalen eller på Notanes.

### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen ser at det er nødvendig å tydeleggjera kva arealbruk planen opnar opp for på Evjo. Rådmannen er klar på at området skal nyttast til næringsverksemd i form av lettare industri, handverk og lagerverksemd og utsal av plasskrevjande varer. I og med at området ligg sentralt i Øystese er det ikkje ynskjeleg med støyande og støvande aktivitet i dette området. Det er òg viktig å presisera at det ikkje er rom for detaljhandel som heller høyrer heima i sentrum av Øystese og at det er viktig å få fram at området heller ikkje skal nyttast til næring i tydinga entreprenørverksemd som t.d. lagring av grus og steinmassar. Også fylkeskommunen er opptatt av korleis dette arealet skal kunna nyttast (sjå saksutgreiinga). Dei er særskilt opptatt av at detaljhandel i form av matvarer, skobutikk, bokhandel og liknande skal liggja i sentrum av Øystese og viser til at Evjo ligg om lag 500 meter unna dette området (definert av området ved Tunet).

Ut frå dette foreslår rådmannen å endra formålet FO4 Evjo til Næringsområde. Næringsformålet opnar i utgangspunktet ikkje opp for å driva med forretningsverksemd. Difor må føresegnene supplerast slik at det kjem tydeleg fram at det i området kan drivast med utsal av plasskrevjande varer så som landbruksmaskiner, byggevarer, bilar og liknande. Det må presiserast i føresegnene at det i dette næringsområdet ikkje skal kunna drivast med lagring av stein, grus eller annan liknande støyande og støvande entreprenørverksemd.

Rådmannen rår òg til at arealet som ligg langs Øysteseelva som no er foreslått som reine bustadområde B92 og B93 vert endra til sentrumsformål. Det gjev større fleksibilitet den dagen desse areala er mogne for utvikling. Områda ligg slik til at det kan vera aktuelt å kombinera t.d. bustadformål med andre funksjonar i sentrum. I føresegnene vert det tatt med at det ikkje vert opna opp for forretning i dette området. Det gjeld òg for S9. Handel bør vidareutviklast i det området der det er etablert i dag.

## LNf-formål

Det er kome fleire innspel som går på å gjera om LNf-formålet til m.a. bustad, næring og idrett. Særleg er det mange som ynskjer at Busdalen skal gjerast om til idrettsformål. Det vert argumentert med at det er behov for meir areal både knytt til fotball, men og til friidrettsformål.

Det er òg kome innspel som oppmodar kommunen om å behalda Busdalen slik det er i dag fordi det vert nytta til leik og opphald mellom anna av borna i Sjydnahaugen barnehage og barneskulen.

### Rådmannen sin vurdering

Det gjeld eit sterkt vern av dyrka og dyrkbar jord. I høve næring og bustad meiner rådmannen at det er sett av tilstrekkeleg med areal til å dekkja arealbehovet for komande planperiode.

Busdalen ligg langs Øysteseelva. I dag er området nytta til grasproduksjon. Det er ein arealbruk som er mindre sårbar dersom elva flaumer over. Flaumsonevurderingar som er gjort viser at dagens arealbruk i Busdalen kan redusera større flaumskader lenger nede langs vassdraget.

I samband med at det vart utarbeidd reguleringsplan for barnehage i Busdalen i 2008 vart det gjort vurderingar av kulturminna som er registrert i området. Desse vart fristilt under forutsetnad av at området skulle nyttast til barnehageformål. Dersom området skal gjerast om til eit anna byggeområde enn barnehage, er det ingen automatikk i at området vert fristilt på same vis.

Tilsvarande er det i høve jordvernet. Reglane knytt til jordvernet gjeld all jord som er eigna til jordbruksproduksjon. Omdisponeringa som er vurdert er gjort med grunnlag i at arealet skulle nyttast til offentleg formål - barnehage. Omdisponering til andre formål, som vert vurdert å ha lågare grad av offentleg samfunnytte, vil som hovudregel ha ein høgare terskel for å verta omgjort frå landbruksareal til byggeområde.

I gjeldande kommuneplan ligg det inne eit areal ved Kvam ungdomsskule som kan nyttast til å opparbeida meir areal til fotball og idrett. Arealet ligg mellom ungdomsskulen og budtadhusa opp mot Meierihola. Det er ikkje plass til ein fullverdig fotballbane, men det er plass til ein mindre bane og evt. anlegg for friidrett dersom det er ynskjeleg. Opparbeiding av dette arealet vil gje meir treningsareal – slik mange har vore opptatt av. Samstundes ligg det like i nærleiken av ungdomsskulen og kan vera med å auka tilbodet til elevane der både knytt til undervisning og til bruk i friminutta.

Rådmannen rår ut frå dette ikkje til å setja av Busdalen til idrettsformål.

## Grøntstruktur

Det er kome forslag om at den såkalla museumstomta som ligg på Gartveit bør visast som parkområde.

### Rådmannen sin vurdering

Dette arealet framstår i dag som ein liten park som m.a. vert nytta av dei som bur på aldersheimen i Øysteste. For denne gruppa med folk ligg gjerne dei andre område som er sett av til park for langt

unna til at dei kan nytta dei. Rådmannen rår til å sikra dette området slik det er i dag og foreslår derfor å ta det inn i planen som grøntstruktur.

### Kraftverk

Det har kome innspel om å nytte nedre del av Øystesevassdraget til kraftverk.

#### Rådmannen sin vurdering

Regjeringa ønskjer å verne heile Øystese vassdraget, det er derfor ikkje aktuelt å endre kommuneplanen med omsyn til framtidig kraftverk for dette området.

## Norheimsund

Det har kome 72 innspel til område Norheimsund.

### Sentrumsområde

Det har kome innspel om å endra BFK1 til sentrumsformål. Kva løysingar har kommunen for plass sett av til bubiloppstilling, sirkustelt, stemneplass i Norheimsund.

#### Rådmannen sin vurdering

Gnr. 11 Bnr. 295 er lagt inn i BFK1.

Det er sett av areal til bubilar i område FT8 i Steinsdalen. Kommuneplanens arealdel løyser ikkje areal for sirkustelt og stemneplass. Dette må skje på eigna areal som er tilgjengeleg ved behov utan at det er sett av areal i kommuneplanen til desse formåla.

### Infrastruktur

Det har kome innspel om å gjere om Gamle Sandvenvegen til gang- og sykkelsti og stenge denne for biltrafikk og gjennomkøyring.

#### Rådmannen sin vurdering

Det er lagt inn ei trase for framtidig gang- og sykkelsti i Gamle Sandvenvegen.

## Bustadområde

Det har kome innspel om justering av bustadområde B73 etter vedtak. Det har kome innspel om at gnr. 35 bnr. 144 vert gjort om til bustadområde. Det har kome innspel om å ta ut deler av B63 som er jordbruksareal i dag. Det har kome innspel om å endre fleire tegar på Valland frå LNF til bustadformål.

### Rådmannen sin vurdering

Område B73 er justert etter vedtak. Gnr. 35 bnr. 144 er lagt inn i bustadformål B80. Område B63 er eit eksisterande og sentrumsnært bustadområde, rådmannen tilrår ikkje å ta ut deler av B63. Rådmannen tilrår ikkje å endre LNF til bustad på Valland.

## Næringsområde

Det har kome innspel om å endra LNF25 til Næringsformål. Eit innspel til kommuneplanen handlar om å endre næringsområde N45 til LNF.

### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje å endra LNF25 til næringsformål. Rådmannen tilrår ikkje å endre næringsformål N45 til LNF. Rådmannen har vurdert at dift gjennom reguleringsplanen kan fortsettet i ca. 30 år. Det vil vere meir naturleg å ta dette i samband med ei seinare rullering av kommuneplanen.

## Småbåthamn

6 innspel handlar om småbåthamnar i område Norheimsund. Fartøyvernsenteret ønskjer at hamneområde skal ivareta dei framtidige behova til hamneområde. Hardanger brygge AS ønskjer ei justering av hamneområde SBH28. Eit innspel handlar om å utvide SBH12. For SBH14 er det kome innspel om å kunne utvikla område som vist i skisser.

### Rådmannen sin vurdering

Område SBH28 og SBH12 vert ikkje utvida.

## Friområde

Ønskje om å sikra eksisterande bygg i FRI16 gjennom byggegrense til sjø eller føresegner. Ønskjer om å justere formålsgrænse etter eigedomsgrænse for sjøareal ved FRI17.

### Rådmannen sin vurdering

Formålsgrænse i sjø for areal utanfor FRI17 er justert.

## Grønstruktur

Det har kome fleire innspel om å gjere om GRS27 til IA4. Det har kome ønskje om å legge inn joggeløyper i IA4.

### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen meiner at dette er eit egna areal som kan inngå som eit område for idrettsanlegg. Dette er ein populær akebakke både for barnehagane i nærleiken og for skulen. Rådmannen meiner at arealet blir sikra betre til barn og unge dersom formålet vert endra til idrettsanlegg. Rådmannen meiner at formålet IA4 tek omsyn til framtidig joggeløype.

## Offentleg område

Det har kome spørsmål til bruk av Tolomarka barnehage.

### Rådmannen sin vurdering

Arealet er fortsatt sett av til offentlig formål og skal nyttast til dette formålet i framtida.

## Byggegrense til sjø

Det har kome inn ønskje om å endre byggegrense til sjø.

### Rådmannen sin vurdering

Byggegrense til sjø er endra etter motsegn frå fylkesmannen. Det er rådmannens tilråding at ny byggegrense vil verta gjeldande for å unngå motsegn.

## Sjøareal

Det har kome innspel om oppdeling av FOV9. Ønsker FOV8 rundt heile Sandvenholmen

### Rådmannen sin vurdering

Areal FOV9 er delt i to areal. Formål FOV9 er justert slik at det ligg friområde rundt heile Sandvenholmen.

## Minnelund

Det har kome innspel om å endre på område for minnelund GU7.

### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen har endra formål GU7 i henhold til innspel. Rådmannen ser at det er ein kvalitet å ta vare på haugen bak kyrkja.

## Steinsdalen

### Næring

Det har kome innspel om å endra litt på næringsformål N43 Lid jarnindustri.

### Rådmannen sin vurdering

N43 er endra etter innspel.

### Gangveg

Det har kome innspel om sikring av gangveg rundt Movatnet.

### Rådmannen sin vurdering

Gangveg er sikra i kommuneplan som eksisterande turvegtrase.

### Idrettsanlegg

Det har kome ønskje om å tilrettelegge for ein zip-line frå Seberg til Mo. Det har også kome innspel om motstand mot å legge inn ei zip-line frå Seberg til Mo i kommuneplan. Det blir stilt spørsmål om alternativ plassering av zip-line.

### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår å ikkje legge inn areal på Seberg i kommuneplanen. Det er per dags dato noko usikkert kort stort areal det er behov for og rådmannen vurderer det slik at det er naturleg at det kjem ei avlaring gjennom ein reguleringsplan.

### Fritids- og turisformål

Det har kome innspel om å ta med areal for Mo camping.

### Rådmannen sin vurdering

Område FT8 Mo camping er utvida og teke inn i kommuneplanen.

## Mikrofly

Det har kome innspel til kommuenplanen om flystripe for mikrofly i Steinsdalen.

### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje å legge inn flystripe som eit eige areal i Steinsdalen. Dette er viktige jordbruksareal for kommunen.

## Vikøy

### Bustad

Det har kome ønskje om å endra B48 til LNF

### Rådmannen sin vurdering

Område B48 er etter ei vurdering avgrensa i omfang for å ta vare på jordbruksareal.

### Fritidsbustad

Det har kome innspel om eit nytt areal for fritidsbustad på Aksnes.

### Rådmannen sin vurdering

Tema fritidsbustad har ikkje vore tema i denne rulleringa, og innspelet er ikkje teke omsyn til.

### Hamn

Det har kome innspel om å endre FRI14 til område for hamn.

### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje å endra FRI14 til område for hamn. Friområde er eit viktig friområde og er mykje nytta til fritidsfiske.

## Tørvikbygd

### Sentrumsformål

Det har kome innspel om å endra deler av S5 til bustadformål.

### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje å endra deler av S5 til bustad.

## Omsynssone friluftsliv

Det har kome innspel til endring av omsynssone for friluftsliv for å sikre jordbruk.

### Rådmannen sin vurdering

Omsynssone friluftsliv er justert slik at dyrka mark ikkje inngår i sona.

## Grønstruktur

Det har kome ønskje om å endra deler av GRS18 til fritidsbustad. Det har kome innspel om justering av GRS12. Det har kome innspel om å justere GRS74 for å ta omsyn til eksisterande infrastruktur.

### Rådmannen sin vurdering

Område F23 og GRS18 er justert noko etter innspel, men bukta Fagervik er sikra med grønstruktur. Byggegrense er justert for område etter motsegn frå fylkesmannen. Konsekvens av endra byggegrense er at det ikkje kan koma nye fritidsbygg nedanfor byggegrensa. GRS12 er justert etter byggegrense til sjø.

Område GRS74 er justert og tek no omsyn til eksisterande infrastruktur.

## Infrastruktur

Det har kome innspel om å legge inn ein offentleg gang- og sykkelsti ned til Solstrand i Tørvikbygd.

### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår å legge inn ein trase for offentleg gang- og sykkelsti ned til Solstrand.

## Byggegrense sjø

Det har kome innspel til justering av byggegrense til sjø for gnr. 83 bnr. 3, gnr. 99 bnr. 1.

### Rådmannen sin vurdering

Byggegrense til sjø er justert etter motsegn frå fylkesmannen. Ny byggegrense til omsyn til eksisterande bustad og fritidsbustad.

## Innstranda

### Næring

Det har kome innspel om å endre N20 til LNF og N24 til LNF. Det har kome innspel om å auke område for SN8.

### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår å endre område N20 til LNF etter motsegn frå fylkeskommunen og fylkesmannen. Rådmanne tilrår ikkje å endre N24 til LNF.

Rådmannen tilrår ikkje å endre område for SN8. Etter motsegn frå fylkesmannen om omdisponering av LNF til byggeformål er det mange område som er teke ut av planen. Rådmannen tilrår ikkje å yttlegare omdisponere meir areal frå LNF til byggeformål.

### Byggegrense til sjø

Det har kome innspel om å justere byggegrense til sjø.

#### Rådmannen sin vurdering

Byggegrense til sjø er endra etter motsegn frå fylkesmannen. Det er rådmannens tilråding at ny byggegrense vil verta gjeldande for å unngå motsegn.

### Naust

Det har kome innspel om nytt naust på gnr. 100 bnr. 1, ønskjer å justere byggegrensa.

#### Rådmannen sin vurdering

Kommuneplanen vil ikkje opna for å bygge nye naust, unntak er der det er naudsynt med omsyn til drift av gard. Bygg til landbruk er untatt byggegrense til sjø.

### Fritidsbustad

Det har kome innspel om å endra gnr. 95 bnr. 21 og gnr. 101 bnr. 6 frå LNF til fritidsbustad.

#### Rådmannen sin vurdering

Tema fritidsbustad har ikkje vore tema i denne rulleringa, og innspelet er ikkje teke omsyn til.

## Strandebarm

### Bustad/Spreidd bustad

Det har kome innspel om å vidarefør SBU24 til spriedd bustad. Det har kome innspel om å justere OPT5 til bustad. Det har kome innspel om å endre B12 til LNF spreidd bustad. Det har kome innspel om fleire område for spreidd bustad på Fosse. Det har kome innspel om å legge inn 112/5, 124/1 og 6 og 127/10 som spreidd bustad. Det har kome innspel om å endre P2 til bustad.

#### Rådmannen sin vurdering

Området vart teke inn før offentleg ettersyn og ligg inne i kommuneplanen. OPT5 er teke ut som byggeområde etter motsegn frå fylkesmannen. Området har no status som LNF. Rådmannen tilrår ikkje å endre B12 til LNF spreidd bustad. Område er no til regulering som bustadområde og rådmannen ser ikkje hensikt med å endre formål til LNF spreidd bustad. Rådmannen tilrår ikkje å legge inn meir areal til LNF spreidd bustad enn det som ligg i planen. SBU24 er eit stort område som rådmannen meiner vil dekke planperiodens behov for spreidd bustad. Rådmannen har justert B11 noko, men tilrår at P2 blir liggande som parkering.

### Spreidd næring

Det har kome innspel om å legge inn eit område for spreidd næring på gnr. 101 bnr. 1.

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje nytt område for spreidd næring i strandsona.

### Offentleg tenesteyting

Det har kome innspel om å justere OPT7 (dagens strandebarmsheim) til kombinert formål for offentlig tenesteyting og bustad.

#### Rådmannen sin vurdering

OPT7 er endra til kombinert formål offentlig tenesteyting og bustad.

### Byggegrense til sjø

Det har kome innspel om å justere byggegrense til sjø.

#### Rådmannen sin vurdering

Byggegrense til sjø er endra etter motsegn frå fylkesmannen. Det er rådmannens tilråding at ny byggegrense vil verta gjeldande for å unngå motsegn.

### Grønstruktur

Det har kome innspel om å endre GRS9 til formål fritidsbustad

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje å endre GRS9 til fritidsbustad.

### Fritids- og turistformål

Det har kome innspel om å ta omsyn til Strandliljen camping – FT1

#### Rådmannen sin vurdering

Område for Strandliljen camping ligg som fritids- og turistformål og er teke omsyn til.

## Oma

### Næring

Det har kome innspel om å endra deler av N9 til bustad og LNF

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje å endra område for næring på Oma.

### Spreidd næring

Det har kome innspel om å sette av eit område på gnr. 136 bnr. 1 til spreidd næring.

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje å legge inn fleire område for spreidd næring i strandsona.

### Naust

Det har kome innspel om naust på gnr. 132 bnr. 2

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje å legge inn område for naust på 132/2.

### Byggegrense til sjø

Det har kome innspel om å justere byggegrense til sjø.

#### Rådmannen sin vurdering

Byggegrense til sjø er endra etter motsegn frå fylkesmannen. Det er rådmannens tilråding at ny byggegrense vil verta gjeldande for å unngå motsegn.

## Mundheim

### Sentrum

Det har kome ønskje om å utvide område for sentrum på Mundheim.

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår å legge inn eit område for grøntstruktur i sentrum for å sikre areal til barn og unge.

### Framtidig gang- og sykkelsti

Det har kome ønskje om å legge inn ein framtidig gang- og sykkelsti frå bustadområde B2 til busshaldeplass på P1 og frå kryss til grendahus.

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår å legge inn ein framtidig trase for framtidig gang- og sykkelsti frå B2 til P1 og grendahuset.

### Næringsareal

Det har kome innspel om å yttlegare fylle i sjå utanfor område N2 (Gravdal). Det har kome innspel om å ta ut Hansvågen som næringsareal.

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje meir utfylling og justering av N64 og N3. Rådmannen tilrår ikkje å ta ut Hansvågen (N7).

### Spreidd næring

Det har kome innspel om å utvida område for SN2.

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår ikkje å justere område for SN2.

### Låsettingsplass FI3

Det har kome innspel om at denne låsettingsplassen er teke ut av fiskeridirektoratet sine databaser og ikkje lenger fungerer som ein låsettingsplass.

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår å ta ut område FI3 og endre dette til sjøformål.

### Byggegrense til sjø

Det har kome innspel om å justere byggegrense til sjø.

#### Rådmannen sin vurdering

Byggegrense til sjø er endra etter motsegn frå fylkesmannen. Det er rådmannens tilråding at ny byggegrense vil verta gjeldande for å unngå motsegn.

### Spreidd bustad

Det har kome innspel om å legge inn fleire eigedomar i tabell for spreidd bustad.

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen tilrår å legge inn bustader i tabell.